

Ein BT-tekst som var korrekt før den 1. august, har få eller ingen feil etter månadsskiftet. Denne teksten er skriven i ny nynorsk språkdrakt, men dokker ser vel ikkje noko særleg nytt?

# Nygammal nynorsk for deg og meg

## NYNORSK

Torodd Kinn  
førsteamanuensis, UiB



**DEN NYNORSKE MÅLFORMA** fekk ny offisiell rettskriving den 1. august i år. Litt rabalder har det valda, men ikkje mykje for dei som kjenner målsoga. Nynorskingar flest synest nok ikkje det har vore noko å ståke om, men somme meiner reforma er ei ulykke. Kva dreiar det seg om?

Rettskrivingsendringa er den første store revisjonen av det nynorske skriftspråket sidan 1959, og den klart mest omfattande sidan 1938. Norma er stramma kraftig inn. Men for dei fleste som skriv nynorsk, har det lite å seie, for innstrammingane har skjedd i ytterkantane av nynorsken.

Lite brukte former er fjerna, og det er kutta både i dei særnynorske formene og i former som har vore felles med bokmål. Tanken har vore at det skal verte enklare å lære seg å skrive korrekt nynorsk dersom valfridommen vert mindre. Den vanlege nynorsken, midtlinjenynorsken, har vunne fram.

**DEN KLARASTE ENDRINGA** er at det ikkje finst noko skilje mellom hovudformer og sideformer (klammeformer) lenger; ingen stavemåtar eller bøyingsvarianter står i skarpe klammer i ordlistene. Gamle sideformer har enten vorte likestilte med gamle hovudformer, eller så er dei tatt ut. For eksempel har «anten» [enten] vorte «anten»/«enten», medan «flaum» [flom] er berre «flaum».

Dette inneber at alle godkjende former kan brukast av alle som skriv nynorsk; det finst ikkje snevrare reglar for lærebøker og språkbruk i offentleg teneste enn for annan språkbruk lenger. Dette er i samsvar med det som skjedde med bokmålet i 2005: Systemet med ein eigen læreboknormal er oppheva.

**DET ER VEL Å MERKE** ikkje berre sideformer som har forsvunne ut av nynorsken; òg ein del hovudformer har gått med i dragsuget. Til dømes har «trin»/«trinn» vorte berre «trinn» og «kjører»/«køyter» berre «køyter».

Nokre heilt nye former har komme til, men dei er forsvinnande få i det store bildet. To eksempel er «mengde» (i tillegg til «mengd») og «forfattarskapet» (i tillegg til «forfattarskapen»).

Det er ikkje til å stikke under stol at dei kraftigaste innstrammingane er gjorde på den tradisjonelle sida, ikkje minst i substantivbøyinga. Det såkalla i-målet er avskaffa. Ein kan ikkje lenger skrive «boki», «fjelli», «ei



**MISNØGD:** Når ein fjernar gamle former, er det ikkje til å unngå at somme vert misnøgde, skriv artikkelforfattaren.

FOTO: NRK

klokka», «jentor», «visene»; det skal vere «boka», «fjella», «ei klokke», «jenter», «visene». Blant andre tradisjonelle former som er fjerna, er «idrott», «skræmer» og «råmene»; det heiter no berre «idrett», «skremmer» og «rammene». At slike former går ut, fell naturleg nok tungt for brystet på dei som er glade i den gamle nynorsken, men det kan ikkje nektast: Svært få nynorsk-skrivande har brukt desse og liknande tradisjonsformer i den siste mannsalderen.

**DEI SOM ØNSKJER** ein bokmålsnær nynorsk, har òg måtta gi slepp på ein god del. Former som «bare», «mye», «noe», «drøm», «trøst» er forsvunne, medan dei tradisjonelle nynorskformene «berre», «mykje», «noko», «draum», «trøyst» har fått stå. Ein kan ikkje skrive «flyter», «endelig» og «fins» lenger; det er «flyt», «endeleg» og «finst» som gjeld. Dette harmar dei tilnæringsvennlege, men det kan ikkje nektast: Tastaturstemmene har valt vekk mange slike former.

Mykje brukte former har fått stå i så å seie alle tilfelle. Ein kan enno skrive «bita» eller «bite», «fyrst» eller «først», «søknader» eller «søknader», «brende» eller «brente». Og dei fleste ord har jo berre hatt ein stavemåte, og dei er då nesten utan unntak uendra.

**NÅR EIN FJERNAR** gamle former, er det ikkje til å unngå at somme vert misnøgde. Ulike nynorsk-brukarar saknar ulike gamle

moglegheiter. Det er særleg tradisjonellistane som har protestert og fått merksemd. Samtidig er det gjerne dei same som klagar fordi dei meiner at innstrammingane har vore for veikje, og særleg er det skore for lite i bokmålsnære former. Det har til dømes vore gjort eit nummer av at verbet «ønskje» har fått åtte godkjende varianter.

Enkelte lesarar tenkjer kanskje: «Men har ikkje nynorsken blitt endra stadig vekk, då?» Mange sit med eit inntrykk av at målforma har vorte revidert meir eller mindre kontinuerleg i aldri den tid. Men det stemmer ikkje. Den rettskrivinga som vert fasa ut no, har vi hatt sidan 1959. Det var rett nok småjusteringar i grammatikken på 80-talet, ordtilfanget har blitt litevetta liberalisert, og vi har hatt vedtak om fornersking i både nynorsk og bokmål (som sørvis for engelsk service). Men i det store og heile har nynorsk-norma lege fast i snart to generasjonar.

**DEN NORSKE SPRÅKSITUASJONEN** er spesiell. Språket vårt har to skriftlege varietetar (bokmål og nynorsk), og i begge kan ein ofte velje mellom ulike former av eit ord, for eksempel sen eller sein i bokmål og no eller nå i nynorsk. Dette har som kjent ei lang og innflokt historie tilbake til dansk-tida. På 1800-talet skapte Ivar Aasen eit norsk skriftspråk som ein syntese av dialektane rundt omkring i landet. Det fekk namnet landsmål, men blei døypt om til nynorsk i 1929. Bokmålet, som først heitte riksmål, vart til langs ei anna linje, nemleg ved at ein gjennomførte rettskrivingsendringar i det

## fakta

### ny nynorsknorm

- Skiljet mellom hovudformer (læreboknormalen) og sideformer (klammeformer) i rettskrivinga er oppheva. Alle former er no jamstilte.
- Bøyingsverket er enklare enn før ved at fleire kategoriar av ord no kan bøyast på berre ein måte.
- I mange tilfelle blir valfridommen ståande. Ein del sideformer har vorte gjeldande rettskrivings-former, og nokre få nye former er tekne inn.
- I reforma er det lagt vekt på å ta vare på former som er i allmenn bruk blant nynorskbrukarar.

KJELDE: SPRÅKRÅDET

danske skriftspråket i Noreg, slik at det skulle samsvare betre med talt norsk.

**ENKELTE VILLE HA** tilnærming mellom dei, i retning av eitt felles skriftspråk: ein framtidig samnorsk. Andre var arge motstandarar av ei slik utvikling. Utover 1900-talet vart det gjennomført fleire rettskrivingsreformer for både bokmål og nynorsk, og hovudtendensen var at dei kom nærmare kvarandre.

Tilnærminga mellom målformene er hovudgrunnen til at vi har så mykje valfridom i rettskrivingane. Når bokmålet for eksempel hadde «bygden» (som nesten ingen utanfor Bergen sa) og nynorsken «bygdi» (som ein berre sa i nokre få dialektar), var det naturleg å innføre «bygda» i begge, for a-ending er det vanlegaste rundt omkring i landet.

**TILNÆRMING MELLOM** nynorsk og bokmål var den offisielle norske språkpolitikken gjennom storstedelen av 1900-talet og hadde lenge hadde nokså god oppslutnad. Men etter kvart tapte tilnæringspolitikken fart, og Stortinget avskaffa han einstemmig i 2002. Samnorsk-tanken blei ikkje røyndom.

Ikkje så få planlagde samnorsk-former er avretta no. På den andre sida dreiar innstrammingane i den tradisjonelle nynorsken seg i mange tilfelle om former som har venta på dødsdommen i nærmare 100 år; sidan alternative former blei innførte i den første store rettskrivingsreforma i 1917.

Nynorsken er kraftig stramma inn, same kva somme målfolk måtte hevde. Men det meste er uansett ved det gamle.